

KYRKJEBLADE

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 7/8

JUL/A 1988

42. årg.



Foto: Siv Anita Bruvik



ØNSKEDIKTET

Denne gongen har vi fått inn to ønskedikt fra lesarar av kyrkjebladet. Vi seier mange takk, og vi vil igjen oppmoda andre om å senda oss stoff.

Desse to dikta er ikkje typiske juledikt, men har vel noko å seia oss både i kvardag og fest.

Trygve Hvidsten har sendt oss eit dikt av Henrik Arnold Wergeland:

Kun daglig-dags er al din dont.
Det gjør en stolt og nærsynt ondt,
som eget liv ei fatter.
Hvor merke-løst dets dage dø.
Som Jordan mot den stille sjø
de hen mod graven rinde
foruden dåd og minde.

Men kom til Jordans tause bred
ei verdens store Freiser ned?
Slik Nil og Frat ei hændte.
Velan, lad Jesus komme selv
til dine dages stille elv.
Hvor godt, om tytst de trilled,
når kun de bar Hans billed.

Hver morgen kald Ham. Uden glans
den rinder ei i navn som Hans.
I det begynd din gjerning.
Da har, om uden bram den er,
den storhed nok for Ham, der ser
på tingens ånd og indre,
ei på, hvor den kan tindre.

AAN rådgjeving for gravide

Dei som går med born og er i ein vanskeleg situasjon, kan no få hjelp ved eit nystarta kontor i Bergen. AAN tyder "Alternativ til abort, Norge." Dei gjev rådgjeving og praktisk hjelp. Adressa er Strandgaten 6. Telefon 32 56 77

Astrid Vik har sendt oss dette diktet, som ho fann i Dagen for nokre år sidan.

Petra Fleicher: MIN SØNDAG

Gud, gjør min søndag god,
så verden synker bak meg ned
og sjelen går med stille fred
sin frelses Gud imot.

Bær meg til livets flod,
senk i dens friske veld meg ned,
rens bort min hverdags støv og sved
i Jesu Kristi blod.

Still meg ved korsets fot
og vis meg Jesu kjærlighet
alt hva for meg han led og stred
og gjør min søndag god.



- Når eg spør kvifor ingen av dei går i kyrkja, så svarar dei at det er så keisamt å koma dit når ingen kjem dit.

KONFIRMANT - WEEKEND

Den 21. oktober reiste ein vilter gjeng til Fagertun på konfirmant-weekend. Konfirmantar frå heile Vaksdal var til stades. Då alle var komne fram, vart me viste til romma våre. Då alle hadde kome på plass, åt me kveldsmaten. Deretter var det kveldssamling med song. Andakta den kvelden var ved Einar Mjelde. Så gjekk me til sengs, der me liksom skulle sove, men soving vart det ikkje så mykje av. Bråket om natta syntest ikkje leiarane var noko kjekt, så heilt blide var dei ikkje.

Kl. 8.00 kom dei for å vekka oss. Det var ikkje lang tid før me sat ved frukostbordet.

Ei stund etter frukosten var det bibeltime, der Odd Alvheim heldt ein kraftig, men veldig god tale. Den talen vart livleg diskutert i små grupper etterpå.

Då diskusjonen var over, hadde me ein sporleik. Etter leiken var det fristund, der me fekk gjera nesten det me ville. Kl. 14.30 var det middag. Det var graut me fekk servert.

Etter oppvasken såg me filmen "Oh, happy day", deretter samla me oss i gruppene og diskuterte filmen. Etter diskusjonen såg me filmen ein gong til. Etter fristunda åt me kvelds.



ODD ALVHEIM TALAR OM DEN BREIE OG DEN SMALE VEGEN.

Så begynte hyggjekvelden med leikar, vitsar og sketsjar. Dem kvelden hadde Kjell Arne Norum også ei morsom framsynning, som me ikkje kjem til å gløyma så lett. Kvelden vart avslutta med song og andakt.

Så gjekk me og la oss, og denne kvelden sovne nesten elle med ein gong, det var berre nokre få som hadde krefter igjen og som ikkje fekk sova.

Kl. 9.00 var det frukost. Etter maten reiste me til kyrkja. Det vart sagt at me var ein stille og roleg konfirmantgjeng. Var det på grunn av all natteranglinga?

Då me kom attende frå kyrkja, sette mange seg ned for å høyra på cupfinalen mellom Brann og Rosenborg. Det var stor stemning rundt radioen. Heller ikkje då me åt middag fekk me ro, me togg fiskekaker mens me høyrdet på fotball. Til dessert fekk me ein god gelé.

Etter maten vaska og rydda me alle rom. Så tok me farvel med Fagertun, og så rusla me ned til Vegaskiftet, der me venta på bussen.

Helsing frå dei fire konfirmantane i Eksingedalen.

Ein liten gut til mor si når dei er på veg ut or kyrkja julafstan:

-- Mamma, kor gjer dei av presten til neste jul?

GUDS VEG

DENS VEG (GUDS VEG) GÅR GJENNEM DET VI TAPTE, DEN GIVER MERE ENN DEN TOK.

Slik står det i ein song.

Dette fekk dei oppleva i stor grad i Betania. Lasarus låg i grava på fjorde dagen. Og liklukta var så sterkt at den slo imot dei, før dei tok steinen ifrå gravopningen.

Men Jesus ropa Lasarus ut or grava. Det var ei veldig oppleving. Og Lasarus fekk dei att som før.

Dei tapte han i nokre dagar, men så fekk dei han tilbake saman med den store oppleving, når Jesus ropa han ut or grava. Guds veg gjekk gjennom det dei tapte, den gav meir enn den tok.

Røvaren på krossen måtte tapa sin jordiske lekam, men Jesus sa: "I dag skal du vera med meg i paradis." For di han trudde at Jesus var ein konge, men riket hans var ikkje av denne verda.

Det han tapte var lite i samanlikning med det han fekk. Hans siste timar på jord var dei gladaste

timar han hadde levt. For di Jesus sette paradiset ved dødens port.

I Filipparbrevet 3,20-21 står der: "For vårt rike er i himmelen, derifrå ventar me og Herren Jesus som frelsar, han som skal omskapa vår nedringslekam, så han vert lik med hans herlegdomslekam."

Her vert det også slik at me må tapa noko. Me skal tapa nedringslekamen. Men i staden skal me få ein lekam som er lik Jesu lekam, ein herlegdomslekam. Og dette skal vara evig.

Guds veg går gjennom det me taper, men den gjev meir enn den tok. Jesus har sagt: "Himmel og jord skal forgå." Me skal tapa den jorda me har, men det skal koma ei ny jord, der rettferd bur.

Også her går vegen gjennom det me taper, men den gjev langt meir enn den tok.

Må me sjå stort på dette, så kristenlivet vert rikare for oss.

Håkon Helle

Nytt orgel i Vaksdal

Vaksdal kyrkje treng nytt orgel. Det gamle er utslite og vil ein dag bryta saman.

Ein reknar med at eit tenleg, nytt orgel vil koste omlag 1,3 mill. kr., og ein tek sikte på å samla inn 210.000 kr blant folk i kyrkjelyden.

Startskotet for innsamlingsaksjonen gjekk med ein stor kyrkjeconsert i Vaksdal kyrkje 23. oktober. Kyrkja var fullsett, og lydarane kunne gle seg over vakker musikk og song, framført av Vaksdal skulemusikk, Vaksdal musikk-lag, Vaksdal kyrkjekor, FIDES og organist Thor Michelsen.

Søndag 20. november var det dør-til-dør-aksjon på Vaksdal med sal av gavebrev.

Til saman har det til no kome inn kr. 75.000.



Vi tenner fire lys i kveld
og lar dem brenne ned,-
for lengsel, glede, håp og fred,
men mest allikevel
for fred på denne lille jord,
hvor menneskene bor.

Inger Hagerup

Julehelsing



Tida går raskt fram mot enda ei jul. Vi som er prestar i Vaksdal, vil gjerne senda ei varm helsing til alle i kyrkjelydane. Ein særskild tanke går til alle som har mist ein av sine i året som gjekk - og til dei som slit med sjukdom, einsemd eller andre tyngsler som livet har ført med seg.

Jula fortel at Gud ikkje har gløymt oss:
"For vår Gud er rik på miskunn. Så skal ljoset frå det høge gjesta oss som ei solrenning og skina for dei som bur i mørker og dødsskugge, og styra føtene våre inn påfreds veg."

Jula fortel om redningsmannen som kom til oss. Og om kvifor han kom. Jesus kom for å berga oss frå syndene våre. "Og alle dei som tok imot han, dei gav han rett til å verta Guds born - dei som trur på namnet hans."

"Så er det inga fordøming for dei som er i Kristus Jesus."

Inge Christian Meidell

Kjell Arne Norum




SLÅ PÅ TRÅDEN
eller send meg nokre ord om du har
stoff til neste nummer.
Frist for innlevering av stoff
er 1. februar.


Tove Margrete



"Ver ikkje redde! Eg kjem med bod
til dykk om ei stor glede som skal
timast alt folket. I dag er det
fødd dykk ein frelsar i Davids by;
han er Kristus, Herren."



BARNESIDER



Då Jesus vart fødd, var det nokon som ság noko på himmelen. Eg tentjer på vismennene. Hugsar du kva dei ság? Dei ság ei stjerne. Ho var veldig stor og fin. Vismennene tenkte at dette betyr at det er fødd ein konge. Dei starta den lange reisa frå Austerland. No ville dei finna kongen som var fødd. Stjerna lyste for dei. Den viste vei. Til slutt kom dei dit Jesusbarnet var. Dei fann Jesus. Det står i ein julesong:

"Stjernen ledet visemenn til den Herre Jesus hen."

J songen står det meir. Det står om at vi og høre ei ledestjerna.

"Vi har og en ledestjerne og når vi den følger gjerne, kommer vi til Jesus Krist."

Kva som er vår ledestjerna då? Det er Guds ord, det er Bibelen. Dén viser oss den rette veien. Lar vi den leda oss finn vi Jesus.

(Du kan lesa om vismennene i Matteus 2. Julesongen er: Deilig er den himmel blå).



Du har kanskje lyst å fargeleggja vismennene som tjem med gaver til Jesusbarnet?

PREMIE!

Trening av oppgåva fra forrige barneside. Kristina og Erlend Straume, Stamneshella vart dei heldige!

Likar du à Laga julepynt?

Her er eit forslag!

~||~

Hugsar du julesongane?

Du får prøva deg på songkonkurransen!

Dei orda som manglar set du inn i kryssordet. Då får du to ord frå 1 og frå 5 loddrett.

KONGLEKONE

Du treng:

- kongle,
- filt til skaut,
- lim,
- hasselnøtt,
- tusj.





Slik gjør du:

Kroppen til kona er ei furukongle. Hovudet er ei hasselnøtt. Klipp ein trekant av filt og lag det til eit skaut. Lim det fast på nøtta. Teikn auge, nase og munn med tusj. Lim så hovudet fast til kongla.

Du har no ei fin, lita «julekone» til å hengja på juletreet eller i vindauge. «Julekona» kan også stå til pynt, gjerne i ein juledekorasjon.

SONGKONKURRANSE / KRYSSORD

1. Jeg er så - - - - - hver julekveld.
2. Glade - - - - -
3. Deilig er - - - - - himmel blå
4. Det - - - - - i stille gredner
5. Jeg - - - - - julekvad
6. Du - - - - - glitrende tre
7. Nå - - - - - tusen julelys
8. O jul med - - - - - glede.



GOD JUL, alle saman! Beste helsing
Reidun Skurtveit

Et barn i fred, med fred, for fred!

Jul og juleferie.
Passer sammen.
Nød og jul.
Passer ikke sammen.

Jul og hjelpsomhet
Passer sammen!


Fordi jul er å dele, å gi.
Det var det Gud gjorde da
han lot Kristus bli født.

Kirkens Nødhjelp og julen passer
sammen fordi Kirkens Nødhjelp er
avhengig av å bli gitt for å kunne
gi hjelpe der hjelpen trengs.

Nøden tar dessverre ikke ferie.
Derfor takker Kirkens Nødhjelp for
alle gaver som blir gitt,
i julen og i juleferien.
For å lindre nød og å bygge for fred
på jord.

Et barn ble født. For lenge siden.
Likevel ikke glemt. Fordi vi hvert år
feirer jul? Nei, men fordi hver dag
utfordrer Han oss til å leve i tjeneste
og i fred!

Egil Hauge
Informasjonssjef i Kirkens Nødhjelp



Fred og ubekymra
ro kviler over
dette vesle barnet
i Bangladesh.
Vil framtida bringa
noko anna?

Rekke hender

*Vi kaller oss for søsken,
men vet at vi så lett
vil kjempe for vårt eget
å holde på vår rett.
Vi ser på det som skiller,
og glemmer vi er ett.*

*Gud, lær oss rekke hender
til søster og til bror
selv når vi ikke enes
om meninger og ord.
Skap kjærlighetens varme
hos dine barn på jord.*

*Du sa at vi var grener
på deg, det ene tre.
Tross alle ulikheter,
hjelp du oss til å se,
at alle som er dine,
står vi i samfunn med.*

*Liv Nordhaug
Fra diktsamlingen – Møte? –*

SKAFF DEG "FAMILIE" I ALLE VERDENSHJØRNER!



Fjernadopsjon er en måte å utvide
familien på. I mange land er stor-
familien et sentralt begrep. Vår egen
kjernefamilie, ofte seg selv nok, er ukjent.
En storfamilie omfatter gjerne flere hundre
personer. Her er det en selvfølge at de ster-
keste hjelper de svakeste. Det er ikke bare
et ansvar, men også et privilegium! Derfor
utfordrer vi deg til å få familie i alle verdens-
hjørner.

JA, jeg vil utvide familien med barn gjennom Santalmisionens fjernadopsjon

Navn: _____

Adresse: _____

Betalingsmåte:

- Postgiro Bankgiro
- Autogiro

Antall gaver:

- 12 ganger pr år (hver måned)**
- 4 ganger pr år (hvert kvartal)**
- 2 ganger pr år (hvert halvår)**
- 1 gang pr år**

Sendast: Den norske Santalmisjon,
Vaterland
0134 OSLO 1

PROSJEKTER:

- Barnehage og skolehjelp i Quito, Ecuador. Kr. 1200 pr år
- Sosial-medisinsk hjelp i Canjar, Ecuador. Kr. 1200 pr år
- Landsbyskoler i Vest-Bangladesh. Kr. 600 pr år
- Internatskoler i Vest-Bangladesh. Kr. 1200 pr år
- Internat i Øst-Bangladesh. Kr. 1200 pr år
- Landsby- og Internatskoler, India. Kr. 900 pr år
- Sykepleieskole og bibel- og husmor-skole, India. Kr. 900 pr år
- Sosial-medisinsk hjelp for barn, Bhutan. Kr. 600 pr år

Verdenskalenderen



Verdenskalenderen

Flere av verdens ledende hjelpeorganisasjoner og beste fotografer har gått sammen om å utgi Verdenskalenderen 1989. Når du bestiller den på kuponpen nedenfor, støtter du samtidig det verdensomfattende hjelpearbeidet til KIRKENS NØDHJELP.

Dekorativ og informativ

Dette er en gedigen kalender i stort format (50×32 cm). Bildene er gjengitt i førsteklasses fargetrykk. Og bakpå hvert kalenderark er det en informativ tekst om temaer fra den 3. verden.

Også i TV

Hver måned gjennom hele 1989 vil NRK sende et program som tar utgangspunkt i månedens kalenderbilde.

Vinn en u-landstur

Ved å sende inn en slipp som følger med kalenderen, er du med i trekningen av en studietur til et u-land.

Bestill kalenderen til deg selv og som julegave. Du får den for kr. 95,-. Bestiller du fem stykker, får du den sjette gratis.

VERDENSKORT

Bildene på Verdenskalenderen er så fine at vi synes vi burde lage postkort av dem også. Du kan få kjøpt 10 doble postkort med konvolutt for 50 kroner (format 21×9 cm). Også her gjelder det: Bestiller du fem pakker, får du den sjette gratis!

Disse kortene kan du bruke hele året, ikke minst til jul. La årets julekort fra deg ha motiver fra den 3. verden.



KIRKENS NØDHJELP

Postboks 5868 Hegdehaugen, 0308 Oslo 3

Jeg bestiller:

.... eks. av Verdenskalenderen for 95 kr. pr. stk.
.... pakker Verdenskort. 10 kort for kr. 50,-

Navn:

Adresse:

INTERVJU MED „KJÆRLEIKENS APOSTEL”

Eg møtte han i bokhylla. Han stod og venta på meg mellom to permars i nytestamentet. Ulik dei fleste har Johannes god tid, sjølv midt i julerushet. Så eg sette meg ned med godt samvit og fyrté laus:

Alvorleg tale: „Ikkje alle vert frelse”

- Du er jo ein berømt forfattar. Kvifor vart boka di skrive ned?

- For at de skal tru at Jesus er Messias, Guds Son, og for at de som trur, skal ha liv i hans namn.

- Men treng vi Jesus? Lever vi ikkje bra nok utan han?

- Den som trur på Sonen, har evig liv. Den som er ulydig mot Sonen, skal ikkje sjå livet, men Guds vreide vert verande over han.

- Dette var alvorlege ting. Er dette med trua så viktig då?

- Den som trur på Jesus, vert ikkje dømd. Den som ikkje trur, er alt dømd, fordi han ikkje har trutt på namnet åt Guds einbårne Son.

- Så Jesus kom altså for å...

- Gud sende ikkje Son sin til verda for at han skulle døma verda, men for at verda skulle verta frelst ved han.

- Og likevel vert ikkje alle frelse?

- Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han.

Det vert ein pause i samtalen vår. Hans eigne tok ikkje imot han... Kan det vera mogeleg?

Var det ikkje berre den eine gongen for lenge sidan at det var slik? Eller...?



Vi må spørja vidare:

- Er det ikkje nok å leva i eit kristent land då? Og så er vi jo døypte, dei fleste av oss.

- Jesus seier: Elskar de meg, så held de boda mine.

- Og dersom vi ikkje klarer det heilt og fullt?

- Seier vi at vi ikkje har synd, därar vi oss sjølve, og sanninga er ikkje i oss. Men dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd.

- Lat meg spørja deg heilt til slutt: Kva er det som er så spesielt med Jesus?

- Han er ei soning for syndene våre.

- Mine også?

- Ja, heile verdas.

No står Johannes i bokhylla igjen. Han tek framleis imot besøk. Han set til og med stor pris på at nokon stikk innom.

Aller helst vil han snakka om den beste venen sin, Jesus. Dei kan rett og slett ikkje skiljast åt!

Kjell Arne Norum

Julens lysbærende tre

Legende



Da det spurtes i verden at vår Frelser skulle bli født på jord, var det tre trær som la ut på vandring til Betlehem. Først var det fikentrete, så oljetreet, det tredje var et grantre. I tusen år eller mer vandret de, for de ville være fremme i god tid når den hellige stunden var inne.

Underveis hendte det av og til at trærne holdt rast, og da viste de frem gavene de bar med seg. Fikentrete hadde favnen full av søte frukter, oljetreet bugnet under prektige oliven. – Men du? Hva har du å by verdens Frelser? spurte de det tredje treeet. Da tiet grantreet. For det visste jo at konglene ikke var noe å sette frem på menneskers bord.

Fiken- og oljetreet hadde ikke alltid vært de beste venner. Men nå ble de vel forlikt, for det kunne de saktens være enige om, at de to var noe mer enn et nåletræ.

Endelig stod de foran døren. Og nå skulle de frem for krybben og legge ned gavene sine. Fikentrete gikk først og la fruktene sine i fanget på Maria. Oliventrete bøyde den knortete stammen så Josef kunne presse olje av kjernene. Begge trær ble hjertelig takket og priset.

Så skulle grantreet frem. Det følte seg så inderlig fattig der det stod med de tørre konglene sine. «Jeg har ingen spiselige frukter å gi,» sa det, «men kan jeg være til noen nytte, da gir jeg hele meg selv.»

«Om du ikke bærer frukt, så skal du fra nå av bære lys for Barnet,» sa Maria. Og hun tok et vokslys og festet det på en av treeets grener.

Slik gikk det til at nettopp granen ble Julens lysbærende tre.

Dan Lindholm

FRÅ JUL I VÅRT HUS, DEN NORSKE BOKKLUBBEN A/S 1985

SLEKTERS GANG

Døypte



DALE

16.10 Alexander Vedå Krogsrud
16.10 Karina Strømmen
16.10 Margrethe Terjesen

EIDSLAND

30.10 Daniel Stammes


...at dei må verta
verande hjå Kristus når
dei veks opp, liksom
dei ved dåpen er inn-
pota i han.

Vigde



DALE

12.11 Trygve Borge og
Hege Merethe Langhelle



Avlidne



DALE

30.10 John Leonhard Sääv f.1904

EIDSLAND

30.09 Harald Møster f.1919



KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 50,-
Postgiro 5 72 34 73
Bankgiro 3500.50.13117

Bladstyrar: Tove Margrethe
Nordmark, Boge,
5270 Vaksdal
tlf. 59 72 01

Kasserar: Asle Georg Karlsen,
Boge, 5270 Vaksdal
tlf. 59 72 32

Eksp. og trykk:
Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese
tlf. 05 - 55 50 45
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese



KIRKEN SOS
Er du i en vanskelig
situasjon og har behov
for noen å snakke med?
Ring 23 30 80. Åpent hver dag fra
kl. 19.00 til 07.00

VELKOMEN TIL KYRKJE

Laurdag 17.desember

STAMNES kl.17.00 Lysmesse.Norum.

18.desember - 4.søndag i advent.

EIDSLAND kl.11.00 Fam.gudst.v/Meidell.
"Barnas Kyrkjebok" til 4 åringar.

NESHEIM kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

DALE kl.18.00 Julekonsert.Norum.

VAKSDAL kl.18.00 Julekonsert.Meidell.

Julaftan - 24.desember

NESHEIM kl.11.00 Fam.gudst.v/Meidell.
Offer til Bergen søndagsskolekrets.

STAMNES kl.13.30 Fam.gudst.v/Norum.
Offer til Stamnes og Straume søndags-
skular.

DALE kl.15.00 og 16.00 Familiegudst.
v/Norum.Offer til søndagsskulane.

VAKSDAL kl.16.00 Fam.gudst.v/Meidell
Offer til Kirkens Nødhjelp.

1.juledag - 25.desember

DALE kl.11.00 Høgtidsgudst.v/Meidell.
Offer til Menighetsfakultetet.

VAKSDAL kl.11.00 Høgtidsgudst.v/Norum.
Nattverd.Offer til Det Norske Misjons-
selskap.

2.juledag - 26.desember

STAMNES kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.
Offer til Menighetsfakultetet.

BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Offer til
Dronning Mauds Minne.

EKSINGEDELEN kl.16.00 v/Norum.Nattverd.
Offer til Rødd Barna.

31.desember - Nyårsaftan

DALE kl.23.15 v/Norum

STAMNES kl.23.15 v/Meidell

1.januar - Nyårsdag

BERGSDALEN kl.11.00 v/Meidell.Nattverd

EIDSLAND kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

8.januar - Kristi openberringsdag

VAKSDAL kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

STANGHELLE kl.11.00 v/Meidell

15.januar - Vingardssøndagen

DALE kl.11.00 Fam.gudst.v/Meidell.
"Godt Nytt" til 11 åringar.

EKSINGEDELEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd

22.januar - Såmannssøndagen

STAMNES kl.11.00 v/Norum.Nattverd.
VAKSDAL kl.18.00 v/Norum.Nattverd.

29.januar - Kristi Forklæringsdag

NESHEIM kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.
DALE kl.19.00 v/Meidell.Nattverd.

5.februar - Søndag før faste(Fastelavn)

BERGSDALEN kl.11.00 v/Norum.Nattverd.
EIDSLAND kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

8.februar - Oskeonsdag

DALE kl.19.00 Forbønsgudst.v/Norum.
VAKSDAL kl.19.00 Fastegudst.v/Meidell.

12.februar - 1.søndag i faste

VAKSDAL kl.11.00 Fam.gudst.v/Norum.
"Godt Nytt" til 11 åringar.

STAMNES kl.11.00 Fam.gudst.v/Meidell.
"Vi går i kyrkja" til 1.kl.

19.februar - 2.søndag i faste

DALE kl.11.00 v/Norum.Nattverd.

EKSINGEDELEN kl.11.00 Fam.gudst.Meidell
"Vi går i kyrkja" til 1.kl.

26.februar - 3.søndag i faste

NESHEIM kl.11.00 v/Meidell.Nattverd.

VAKSDAL kl.18.00 v/Meidell.Nattverd.

